

# VÅR POLITIKK

## *for heile Nissedal*

Senterpartiet vil byggje samfunnet nedanfrå og opp. Me vil arbeide for eit samfunn der mennesker kan utvikle seg fritt, ta ansvar for eige liv, for fellesskapet og for naturen. Senterpartiet sitt verdigrunnlag er den kristne og humanistiske kulturarven.

### **DEN GODE OPPVEKST**

- Arbeide for god kvalitet på innhaldet i barnehage, SFO og skule
- Halde på ein desentralisert barnehage- og skulestruktur
- Vurdere gratis skulemat
- Vidareutvikle tiltak i arbeidet mot mobbing
- Lekser er ein viktig arena for barn og foreldre og det er eit viktig pedagogisk verkemiddel. Nissedal kommune skal ha gratis leksehjelp for alle elevar uavhengig av alder
- Haldningsskapande arbeid hos barn, unge og unge vaksne skal vere eit satsingsarbeid

### **SKAPANDE NÆRINGS LIV**

- Ha eit levande sentrum med attraktive butikkar og næringsliv. Mest mogleg av hyttetrafikken bør gå igjennom Treungen sentrum
- Me ynskjer fleire innovative, framtidretta og grønne næringar
- Nissedal kommune skal vere positiv til og leggje til rette for nyetablering og vidareutvikle næring i alle delar av kommunen
- Heilårsferje på Fjone

### **BULYST**

- Gjere det enkelt å byggje spredt
- Evaluere «konesjonsgrense null» og vurdere å fjerne buplikt på reine bustadeigendomar
- Styrke buplikta på landbrukseigendomar

### **BLOMSTRANDE NÆRMILJØ**

- Sikre gode tenester nær folk
- Bruke frivilligsentralen til å styrke samarbeidet mellom lag og foreiningar

### **LANDBRUK, SKOGBRUK OG MILJØ**

- Oppmuntre til matproduksjon basert på lokale ressursar
- Seier JA til familielandbruket!  
Sp ynskjer å leggje til rette for at ein kan drive små familiebruk med husdyr, frukt- og bærproduksjon
- Me må forvalte skog og dyreliv på ein god måte. Nissedal Senterparti ynskjer å oppmuntre til eit aktivt skog- og jordbruk
- Ja til beitedyr som eit viktig ledd for å oppretthalde det biologiske mangfaldet og hindre attgroing

### **LIVSKRAFTIGE INNBYGGJARAR**

- Prioritere forebyggjande tiltak innan helse og omsorg
- Nissedal kommune skal ha eit godt tilbod for eldre og pleietrengande
- Arbeide med å få eit dagtilbod til heimebuande eldre

## **LOKALT DEMOKRATI**

- Vere garantist for at Nissedal skal fortsatt vere ein eigen kommune
- Redusere godtgjeringa til dei folkevalde tilbake til 2018 nivå = halvere den
- Samarbeide med andre kommunar
- Gjere politikken meir tilgjengeleg med bl.a. folkemøter
- Etablere ungdommens kommunestyre
- Vitalisere kommunestyret

## **ANSVARLEGE**

### **MEDARBEIDARAR**

- Gje ansatte tillit og ansvar, utan politisk detaljstyring
- Etablere ein heiltidskultur og arbeide for å redusere omfanget av ufrivillig deltid
- Vurdere å gjenopprette personalsjefstillinga
- Faglærte skal ha fagleg påfyll av kompetanse i form av kurs, vidare- og etterutdanning

## **LANGSIKTIG STYRING**

- Ha eit godt tenestetilbod
- Realistisk forhold mellom inntekter og utgifter
- Unngå å auke det totale avgiftsnivået
- Iverksette vedlikehaldsplanen for offentlege bygg

## **BEREDSKAP**

- Ha betre polititjenester, og jobbe for å auke bemanninga ved lensmannskontoret
- Syte for 100% breibånd- og mobildekning i heile kommunen
- Det er viktig å oppretthalde ambulanseberedskapen
- Byggje opp ein brannberedskap som skal tene folketalet av fastbuande- og hytteinnbyggjarar

## **AKTIV PÅVERKNAD**

- Ha tett og god dialog med fylkeskommunen og statlege myndigheitar for å utbetre riks- og fylkesvegane i kommunen vår
- Nytte Vest Telemark Rådet for å styrke samarbeide i regionen, og for å sikre interessene til regionen med god dialog med det nye storfylket Vestfold/Telemark samt inn mot sentrale myndigheitar